




VINDAFJORD KOMMUNE
Sentraladministrasjonen



Det Kongelige Finansdepartement v/ Skattelovavdelingen
Postboks 8008 Dep.
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
04/00522-3

Sakshandsamar:
Gerd Ingunn Opdal

Arkivkode:
203

Dato:
20.09.2004


Svar frå Vindafjord kommune
- vedk. høyring om skatteoppkreverutvalgets utredning - NOU
2004:12 Bedre skatteoppkreving

Vi viser til Skatteoppkreverutvalet si utgreiing NOU 2004:12 som er sendt til høyringsuttale med frist 1. okt. 2004.

Vindafjord kommune v/rådmannen er samd i at det vert arbeidd vidare med funksjonelle forbetringstiltak innan skatteinnkrevinga slik det er foreslått i utgreiinga.

Om skatteoppkreving skal vere ei kommunal eller statleg oppgåve, er eit spørsmål som må vurderast i ein større samanheng. Oppgåvefordeling mellom ulike forvaltningsnivå høyrer, etter rådmannen sitt syn, heime saman med problemstillingane kring kommunestrukturarbeidet. Vi vil såleis ikkje gå inn for at det vert gjort endringar innan skatteinnkrevinga på dette tidspunktet.

Med helsing



Gerd Ingunn Opdal
rådmann

Kopi: Ordføraren, økonomisjefen, skatteinnkrevaren